

Til
Kommunal- og distriktsdepartementet

Dato:
Oslo, 31. oktober 2025

Innspel til handlingsplan for kvensk språk

Noregs Mållag er glad for at regjeringa har teke initiativ til ein ny handlingsplan for kvensk språk. Vi er opptekne av at minoritetsspråka i Noreg skal ha gode vilkår, og vi veit at då må det reguleringar, støtteordningar og tiltak til, for at eit lite språk skal kunna greia seg i møte med majoritetsspråket. Vi vonar regjeringa tek slike initiativ for fleire minoritetsspråk.

Vi vil spela inn desse synspunkta:

Rett til kvenskapplæring i skulen over heile landet og gjennom heile utdanningsløpet

- Det er viktig at elevar kan få eit tilbod om opplæring i kvensk same kvar dei bur. Det er like ein viktig at ein finn løysingar for å gje barnehageborn tilgang på kvensk språk. Det kvenske språket har svært få brukarar i dag, og det å få fleire språkbrukarar er det viktigaste tiltaket for å sikra språket ei god og levedyktig framtid. Den mest effektive måten å få til det på, er å gje elevar høve til å læra kvensk same kvar i landet dei går på skule. Fjernundervisning kan vera eit effektivt verkemiddel for å sikra tilgang til og god utnytting av lærarkrefter, for det er lite sannsynleg at ein kan ha / får tak i ein lærar på staden dei fleste stader i landet. Det er også meir gunstig for elevane å få læra kvensk i eit miljø med andre, i staden for som einaste elev ved ein skule langt frå det kvenske kjerneområdet.
- Tilbodet om opplæring i kvensk bør gjelda heile grunnskulen og vidaregåande skule. Vi er langt frå ferdig utvikla språkbrukarar i det vi går ut av ungdomsskulen, og dei tre åra på vidaregåande er formative år når det kjem til utvikling av ei vidare språkforståing og eigen skrivekompetanse.

Kvenske media må sikrast gode rammevilkår

- Media er utruleg viktig for eit språk. Vi treng alle å møta språket vårt andre stader enn i klasserommet, og media kan nå alle aldersgrupper med ulikt innhald. Vi har med glede følgd etableringa og utviklinga av NRK Kvääni, og føreslår at NRK framover får støtte til å byggja opp eit kvenskspråkleg barne-tv-tilbod. Det ville også sikra eit godt tilbod til born i barnehagen som det er vanskeleg å nå på andre måtar i dag, då dei ikkje har nytte av fjernundervisning. Det ville også vera ei god støtte i den tidlege, formelle språkopplæringa for born i småskulen.